



SANDE KOMMUNE
ORDFØRAREN
6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01
sande.kommune@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

StatoilHydro ASA
Drammensveien 264
Att.: Prosjektleder Anne Gunnhild Kraggerud
0240 OSLO

Tussa Energi AS
Att.: Adm. dir. Elling Dybdal
6150 Ørsta

| <i>saksnr</i> | <i>lopenr.</i> | <i>arkiv</i> | <i>avd /sakshandsamar</i> | <i>dato</i> |
|---------------|----------------|--------------|---------------------------|-------------|
| 2007/722 | 3174/2008 | S80 | ORDF DV | 08.07.2008 |

HAUGSHORNET VINDKRAFTVERK - EVT. VIDARE SAKSGANG

Eg viser til brev frå NVE dat. 24.6.2008 med avslag på StatoilHydro og Tussa Energi sin konsesjonssøknad for Haugshornet vindkraftverk.

Sande kommune er kjend med at StatoilHydro og Tussa Energi vurderer å klage på vedtaket. I det høve har Sande formannskap i møte 3.7.2008 oppmoda ordføraren om å skriftleg stadfeste kommunen si haldning til vindkraftsaka overfor tiltakshavarane.

Sande kommunestyre har avgjeve høringsuttale til konsesjonssøknaden seinast i møte 4.3.2008. Her framgår at kommunestyret er positiv til etablering av Haugshornet vindkraftverk. Sjå vedlagt uttale; særutskrift av K-sak 18/08.

Med vennleg helsing


Dag Vaagen
ordførar

Vedlegg: Særutskrift av vedtak i Sande formannskap 4.7.2008, F-sak 83/08
Særutskrift av vedta i Sande kommunestyre, 4.3.1008, K-sak 18/08



SANDE KOMMUNE
6084 Laršnes
Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01
sande.kommune@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

MELDING OM VEDTAK

| Saksnr | Løpenr. | Klassering | Avd / sakshandsamar | Dato |
|----------|-----------|------------|---------------------|------------|
| 2007/722 | 3136/2008 | S80 | RÅD/ GS | 07.07.2008 |

SÆRUTSKRIFT: VINDPARKSAKA. EVT. VIDARE SAKSGANG

Vi melder med dette frå at Sande formannskap den 24. juni 2008, hadde føre ovannemnde sak under skriv og meldingar, der det vart gjort slikt vedtak:

VEDTAK, mot ei røyst (Krf):

Formannskapet oppmodar ordføraren å sende Statoil/Hydro ei skriftleg stadfesting av kommunen si haldning i saka.

Rett utskrift

Sande Servicekontor

Tove Cathrine Kvamme

Tove Cathrine Kvamme
sekretær



SANDE KOMMUNE
RÅDMANNEN
6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01
sande.kommune@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

| Saksnr | Løpenr | Arkiv | Avd/Sakshandsamar | Dato |
|----------|-----------|-------|-------------------|------------|
| 2007/722 | 1064/2008 | S80 | STAB / TCK | 07.03.2008 |

MELDING OM VEDTAK HAUGSHORNET VINDPARK - UTTALE TIL NVE PÅ KONSESJONSSØKNAD

Vi melder med dette frå at Sande kommunestyre den 4. mars 2008, hadde føre ovannemnde som sak K18/08, der det vart gjort slikt vedtak:

VEDTAK:

Sande kommunestyre viser til tidligare uttale til konsesjonssøknaden for Haugshornet Vindpark. Det har ikkje kome inn nye vesentlige faktaopplysningar som kan seiast å være ukjente frå førre vurdering. Sande kommune er derfor fortsatt positive til at området kan nyttast til eit vindkraftverk som omsøkt i konsesjonssøknaden frå StatoilHydro.


Sande kommunestyre stiller følgjande vilkår for sitt vedtak:

- Ingen innbyggjar i Sande kommune skal utvikle helseplager i/rundt eigen bustad som følgje av støy frå ein vindpark på Haugshornet. Det er til ein kvar tid gjeldande nasjonalt regelverk/retningslinje som er referanse mht helseskadelig støygrensar.*
- Detaljeringa i planområdet må gjerast i nært samarbeid med myndigheiter og fagpersonell innan landskap/landskapsforming. Alle terrenginngrep skal vurderast, prosjekterast og gjennomførast mtp ei tilbakeføring av planområdets areal til eksisterande terrengformasjonar.*
- Umiddelbart etter at utbygginga er ferdigstilt, skal tiltakshavar framlegge dokumentasjon på den reelle støyen frå vindparken. Dokumentasjonen skal utarbeidast av uavhengig føretak med tilstrekkelig kompetasne innan fagfeltet. Dokumentasjonen skal formast i ein rapport som skal gjerast tilgjengelig for allmennheita.*
- Tiltakshavar må planlegge jordkabel mellom trafostasjon i vindparken til Gursken trafostasjon.*
- Tiltakshavar må stille økonomiske garantiar for å tilbakeføre heile planområdet etter at konsesjonstida er utgått.*

Saksutgreiinga ligg ved til orientering.

Rett utskrift

Sande Servicekontor



Tove Cathrine Kvamme

sekretær